

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2016

Hypokonder spesialisten

Side 2-3

Ungdoms- skulen i Kypros

Side 4-5

Nytt foto- studio på Varhaug


Side 8

Gullspringarar i sjakk

Side 12

Grødelands- stemmen

Side 16



Fotoklubben

Side 9

Hypokonderspesialist - var heilt sjef i løa

Om du møter ein vegg, er det ofte ei dør i nærleiken, men skal du finna døra må du ikkje stå med nasen i veggjen!

Tekst og foto: Sjur Håland

Det er lov å bli begeistra. *Kultur i løa* greier det kvar gong. Kulturarrangementa fyller fjøs, grisehus, mjølrom og løa i den gamle driftsbygningen med kvalitetsarrangement. Smilande løevenar på dugnad tek i mot, takkar for sist, serverer vaflar og kaffi og finn ein høveleg seteplass til deg. Det heile er til å bli varm og stolt av.

Underteikna er rett nok ikkje heilt nøytral, så uttalen her om at Varhaug-bygda sin eigen kulturarena får operabygget i hovudstaden med all si utanlandske steinprakt til å bleikna, må kanskje takast med ei klype havsalt frå rullesteinstranda i Nord-Varhaug.

Sjef i eige liv

Men lite kan uansett måla seg med søndag andre oktober då Ingvar Wilhelmsen tok løa og publikum i sitt eige forunderlege og humoristiske grep under foredraget *Sjef i eige liv, Korleis kan me best mogleg takla all verdas press, stress og omstillingar?*

Stor interesse førte til at Wilhelmsen måtte ta to framføringar, og førehalda seg til to fullstappa løer. Det greidde den stillfarande, spesielle hypokonderpensionisten med glans og glød. All ære til dugnadsgjengen som greidde kunststykket å halda temperaturen i den uisolerte løa på eit komfortabelt nivå. Ullteppa var det ikkje bruk for.

Ingvar Wilhelmsen er spesialist i indremedisin, fordøylsesjukdomar og psykiatri. Han har arbeidd som

overlege ved Psykiatrisk Klinik på Haukeland Sykehus. Sidan 1995 har han drive Norges einaste klinikk for hypokondrar i Bergen.

Det var med andre ord ein herremann som har sett og høyrte det meste som entra scenen under skipsbjelkar og godt vedlikehalde sutak i Lensmannsløa.

Mollstemt

Men aller først dempa General Forsamling ved Børre Bratland og Sven Arne Vestbø det mentale lyset og sinnstemninga med mollstemte songar om kyrkjegardsjord og svart myrvatn til stor begeistring for løepublikum.

Poenga til Wilhelmsen hagla tettare enn haustlauvet ute i løetunet. Latterkulene til publikum fekk takpannene til å skjelva. Alle kunne kjenna seg att i det meste. Rame alvor kan definitivt sjåast på med eit humoristisk blikk.

- Eg er ikkje så interessert i problema til folk. Haldningane til problema er det viktigaste for meg, seier Wilhelmsen.

Fortida kan ein ikkje gjera særleg mykje med, men haldninga til det ein strir med kan endrast.

- Følelsar er gøy, men du kan ikkje stola særleg mykje på dei, innleia psykiateren.

Angst er ei gåve

Angst er ei gudgjeven gåve. Me hadde faktisk ikkje greidd oss utan denne funksjonen.

- Eg er for angst. Hadde det ikkje vore for angsten, hadde eg mist pasientane mine i første vegkryss!

Er det slik at når livet har gått på skinner ein del år, så er det automatisk vår tur til å bli råka? Hypokonderspesialist Wilhelmsen hadde sitt skråblikk på tankar mange strir med.

- Eg er ikkje kjent med ei kø-ordning i høve til sjukdom, liding og naud. Det er ikkje slik at «nå er det vår tur». Eg trur ikkje at det er ei bestemt orden på kva tid me blir råka. Eg trur det er tilfeldig, sa han.

Tenkte problem er ei utfordring for alle, hypokondrar eller ikkje.



General Forsamling

- Folk tar dei ekte utfordringane langt betre enn det tenkte problemet. Personar med angst er kreative og uthaldande, dei kjem på nye ting å frykta heile tida.

Kan koma ut

Det handlar om å snu tankane og gjera pasientane klar på at haldningane til problema er nøkkelen for å koma ut or uføret. Det er mogleg.

- Har du det som skal til for å koma inn i ei angstliding, har du det som skal til for å koma ut.

Du må vera viljug til å vera dødeleg og til å handtera kvardagen utan hjelm og skotsikker vest i angst for å bli skoten.

- Å gissa kva du skal måtta gjennom i livet av sjukdomar er ikkje så lett. Du oppdagar det tidsnok, trøystar Ingvar Wilhelmsen.

Kreft er ein alvorleg sjukdom. Statestikken seier at det er 30 prosent sjanse å få det Wilhelmsen kallar ekte kreft.

- Sytti prosent av oss får altså ikkje kreft, det er ein del det òg, understrekar han.

Ta det som kjem, når det kjem. Det er ikkje vits i å ha remediane liggande klar og liggja på botn for å vera klar for nedturane.

Dette får me svi for

Fleire døme frå Wilhelmsen:

- Det er fint vær i dag. Det får me nok svi for!

- Kanskje me skulle sett ut plaststolane? Nei, det må me ikkje gjera, då kjem heilt sikkert snøen!

- Er det noko som heiter meteorologiske stolar? Kanskje me heller skulle halda oss på sikre sida og heller sitje ute på sparkstyttingen?

Søndag andre oktober i Lensmannsløa var dagen for kloke spørsmål og ettertanke.

- Er menneska inndelte i heldige/uheldige - grupper?

- Kor mange sorger, som me ikkje

kan gjera noko med, skal me ta på forskot?

Mesteparten er tull

Konklusjonen er at folk tar tankane sine alt for alvorleg. Det meste er tull. Tankar er hendingar i sinnet. Det er du som bestemmer korleis du vil halde deg til tankane. Katastrofetankar kan du legge på ei mental sky og la dei drive bort. Du kan ikkje hindra at naboen kjem og ringer på døra, men du kan late vera å lukka opp.

Ingvar Wilhelmsen har brukt kong Harald som døme i bøker og foredrag opp gjennom åra. Kongen blir spurt om han er redd.

Heilt konge

- Nei.

- Men du er jo konge?

- Ja, men eg legg slike ting over på politiet og tryggleikstenesta. Eg vil heller vera utkvilt om noko skulle skje.

Kongehaldninga er noko å strekkja seg etter. Sørg for å vera utkvilt. Kongen har hatt både blærekreft (fekk kunstig blære) og hjartettrøbbel.

- Er du ikkje redd for tilbakefall?

- Nei. 1: eg har jo inga blære, og 2: eg er frisk til det motsette er bevist.

Kongen bruker ikkje krefter på å ikkje dø.

Trening, tja ...

- Jogging?

- Du kan leve litt lenger, men du bør lika det. Og hugs at den ekstra tida du får, kjem heilt på tampen av livet. Jogging er kanskje litt oppskrytt.

- Antioksidantar?

- Du kan bli påkøyr med kroppen full av antioksidantar.

- Antioksidantar kan vera eit bidrag til fem om dagen, sex om kvelden og sju om morgonen. Kom deg opp!

- Er det synd på meg?

- Det er ingen situasjon i livet som er så vanskeleg at ikkje sjølvmedkjensle og bitterheit kan gjera det verre.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Aud Bratland Bø
bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Terje Lerbrekk, 4H

Varmedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

Varmedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennermerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.
og graset legg om namnlaus grav ein gløymlekednad god.
Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn der han står vakt om deira bein som levde i vår grend"*





Alle deltakarane foran European University

Varhaug ungdomskule til Europa for å lære

Den siste veka i september var fire elevar og to lærarar ei veke i Kypros. Målet var å lære om IKT og nettvett saman med elevar frå 7 andre europeiske land. Skulen er med i eit Erasmus+ prosjekt, sponsa av EU-midlar, difor skal elevar frå Varhaug ungdomsskule på 6 slike turar frå 2016-2018.

Kypros

Søndag morgon 25. september reiste elevar og lærarar til Nicosia i Kypros. Elevane budde hos vertsfamiliar, både på den greske-kypriotiske og den tyrkiske delen av landet.

Skulen vi samarbeider med er The English School, som er ein privatskule for elevar på mellomtrinnet ut vidaregåande.

Opphaldet

Om dagane deltok dei i eit eiga program om nettvett og IKT saman med elevar frå Kypros og dei andre partnarlanda. Dei besøkte blant anna eit lokalt universitet og



Microsoft sitt innovasjonssenter. På universitetet fekk dei blant anna lære å programmere robotar, og hos Microsoft fekk dei innsikt i korleis nye spel vart utvikla. Utanom det faglege, var opphaldet prega av samarbeid på tvers av landegrensar. Elevane lærte om vertslandet både gjennom besøk til det arkeologiske museet i Nikosia og ekskursjonar til romerske ruinar og slott frå middelalderen.

Den første natta var det for fleire elevar skummelt å bu hos vertsfamilie, men det snudde fort til ein positiv oppleving. Sidan tre av elevane budde på den tyrkiske delen av landet måtte dei gjennom passkontroll på veg til skulen, noko som resulterte i skuleveg på over ein time. Å snakke engelsk vart for elevane mykje lettare sidan dei var

naud til å bruke språket både på skulen og heime hos familiarne deira. Tilbakemeldinga er at dei opplevde meistring og personleg vekst denne veka.

Planane framover

I november skal fire nye elevar til Helsinki i Finland. Temaet der er smarttelefonar; både bruken og utviklinga i framtida. Mars 2017 går turen til Toledo i Spania. Skuleåret 2017/2018 står ytterligare 3 turar på planen. Fokuset for det året skal vera elevane si framtid når det gjeld utdanning og yrkesliv. Elevane som skal reise neste år er ennå ikkje valt ut, og vi forventar stor søkning til desse turane. Desse turane gjer lærdom langt utover skulekvardag og bøker. Ein lærar for livet.



FRÅ REDAKSJONEN

Då eg stod opp i dag, var det heller kaldt i huset. Elektrisk oppvarming er ikkje det retta når det er minusgrader og vind frå syd aust. Radioen meldte at Trump hadde vorte president, og det gjorde det ikkje akkurat varmare. Men, men, nå får me berre håpa det går betre enn dei fleste har spådd.

Starten på vinteren kom litt brått, tykte eg. Det er ikkje lenge sidan eg nærast gjekk i sommarklede. Denne hausten har vore utruleg flott. Eg ser eg skreiv om den fine hausten i fjor og, men eg trur aldri me har hatt det så fint så lenge som i år.

Eg var og innom M44 i dag. Då forsto eg at det nærma seg jul, og det er eg ikkje budd på i november. Men nå er det siste nummer av Varhaugbuen som er i fokus. Mykje gildt stoff å arbeida med denne gongen og. Takk til alle for innlegga som viser det meste av det som skjer i bygda.

Etter oppfordring frå ordføraren, er ein del av innspela som kom fram under inspirasjonsseminaret i til Varhaugbuen fjor, sendt vidare til kommunen. Det vert spanande og sjå kva dei får ut av desse.

Ha ei fin adventstid og kos dykk med alle dei flotte arrangementa som er i denne tida før jul.



Stuelandbygget:

Fredag 25.november serverer Asbjørn gløgg frå klokka 17.30 og utover kvelden.

Lørdag 26.november klokka 11-14 selger Johannes grøt. Klokka 11 kjem Hedda og Maria Stueland Mikkelsen og spelar og syng julesanger for oss.



Bading

Kvar måndag kl. 18.00 møtes nokre vel vaksne damer til bading i Stampen, den eldste av oss er 95.

Her får me god trim i oppvarma basseng.

Kom og vær med oss, det er plass til fleire.



Matningsdal IL og Vennelaget for Lensmannsgarden arrangerer skikveld i Lensmannsløa på Varhaug onsdag 14. desember kl.19.00 - ca. 20.30. Dei som vil kan sitja igjen for ein skidrøs etter det...

Gratis ski- og skismørjekurs i Lensmannsløa onsdag 14.12

Instruktør skismørjekurs:

Mikal Tengesdal – Tengesdal sport

Orientering om val av skiutstyr:

Mikal Tengesdal – Tengesdal sport

Påmelding: Det er inga påmelding men dei som er med i ei aktiv skigruppe vert bedne om å gje beskjed til Johan Tjåland (959 78 122) eller Gunstein R. Varhaug (475 04 000) seinast mandag 5.12 slik at me har ei viss formeining om kor mange som kjem. I tillegg håper me at det kjem ein del andre ski-interesserte og legg difor opp til at kvelden skal kunna gje utbytte både for turgåarar og aktive. Enkel servering av kaffi, vatn og små julekaker.

Matningsdal IL si skigruppa har vore aktiv i 9 år, og har nå vorte den største skigruppa i Rogaland, målt i antall aktive barn og unge. Gruppa tel i dag 87 aktive barn og unge mellom 6 og 18 år. Dei aktive skiløparane kjem frå Sirevåg i sør til Nærbø i nord.

Klubben låner ut rulleskiutstyr (ski, sko og stavar) til alle som deltek aktivt på treningane. I tillegg har me ein del utstyr liggjande, slik at nye medlemmer alltid kan koma og prøva aktiviteten vår.

Me deltek på ski og rulleskirenn, både lokalt, i regionen ellers, og også på nasjonalt nivå. I tillegg arrangerer me eigne renn, både på ski og rulleski. Me har sporsetjar og kan laga flotte

løyper i nærområdet. Me har i dag også to utøvarar som går på Sirdal vidaregåande skule med langrenn som toppidrett. Me ynskjer alltid nye medlemmer velkomne. Det er bare å gje lyd ein dag eller to i førevegen. Me trenar måndag for dei eldste og torsdag for alle på industriområdet i Stokkalandsmarka. Me legg stor vekt på at tilbudet vårt skal vera for alle, uansett nivå og ambisjonar og at skigruppa skal omfamna barn og unge frå heile kommunen.

Medlemmar i Vennelaget får som vanleg påminning på SMS og e-post.

Andre kan melda seg inn for gratis medlemskap ved så senda SMS med namn og e-post til 976 88 571.



Det var ein gong Julesong

- Frank Robert Andreassen og Astrid Kloster-
Julenattsfortellingen er det sentrale temaet i de fleste julesanger.

Men bak mange julesanger ligger det kanskje også en annen historie. Et bilde eller en opplevelse som gav inspirasjon og liv til sangen. Gjennom sin julekonsert tar Astrid Kloster og Frank Robert Andreassen publikum med på en vandring gjennom historiene bak julesanger fra inn og utland. Vi lover en stemningsfull, vakker og lun julekonsert.

Medvirkende: Astrid Kloster : Låtskriver og artist bosatt i stavanger var fronfigur i Aftenlandet før hun gikk solo . astrid har samarbeidet med artister som Odd Nordståga ,Jan Ingvar Toft og Kenneth Sivertsen i 2007 gav hun ut platen spor som var basert på han musikk.

Atle Hunsnes. piano: Atle er sandnes basert pianist med bred bakgrunn som kapellmester i alt fra gospel til revy har samarbeidet med mange kjente og profilerte artister igjennom årene som blant annet Carola.

Frank robert Andreassen. skuespiller og artist bosatt på Bryne (jobber litt i hå kulturskole) bakrunn fra diverse teater Rogaland , haugesund , Teateret Vårt , nordland teater . har gitt ut plater med bandet sult .

SpareBank 1
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Slakteren
HÅR I HESTERKLASSE
R.SKRETTEING A.S



«...og når de e modne, så falle di ned...»

Nytt fotostudio på Varhaug

Gildt at det skjer noko nytt i sentrum av Varhaug. Nå har Asle Haukland opna fotostudio i Stuelandsbygget.

Han hadde tidlegare kontor i 2. etasje av bygget då han dreiv med oppdrag for næringslivet innan reklame, fotografering av eigedomar mm. Nå han han altså flytta inn igjen i bygget, der han i tillegg til desse oppdraga, og vil satsa på portrettfotografering i eige studio.

Asle har og drive med litt portrettfotografering tidlegare, då i leigde lokale på Nærbø. Då lokala på Nærbø vart selde, vart det og slutt med studioarbeid.

Dei siste åra har han fått ein del spørsmål «åm an tog billede av konfirmanta å slege ting?» Og nå er det veldig gildt, seier Asle, at nå kan eg svara JA på desse spørsmåla. Og det var tydeleg eit behov for dette, for nå kjem både familiar,

brudepar og konfirmantforeldre til fotostudioet for å sikra seg gilde og gode minne for seg og sine. Er det einkvan som skal ha ein stod dag neste år, så er det berre å bestilla alt nå, seier Asle.

Starten har vore god, seier Asle. Jærbuen har oppdaga at det skjer noko ekstra i Stuelandsbygget. Studiodøra var knapt opna før første fotomodellen stod klar; Gordon hadde runda 15 år som Spar-kjøpmann, og dette mått sjølvstarkt markerast skikkeleg. Reknar med at det er fleire enn meg som såg reklamebiletet med Gordon dekkja med eple. Reknar med at både Asle og Gordon hadde det moro under den fotoseansen.

I tillegg til å fotografera i studio, har Asle og fått fotografert elevane på 1. og 7. trinn på Varhaug skule. Tjemslandshagen barnehage har og vorte foreviga av Asle. Gildt med ein fotograf som skulen kan nytta, for dei siste åra har det vel berre vore framande fotografar som har ordna dette?

Mange kjenner kanskje Asle Haukland som fotografen bak boka «Jæren frå lufta». Asle seier han trivs best i opna landskap, og då gjerne med opne landskap under seg. Asle unner kundane sine det beste, og gleda han har av å sjå Jærlandskapet frå lufta, vil han gjerne dela vidare. Det er difor ikkje tilfeldig at ein heldig kunde får ein helikoptertur- til Preikestolen – som premie. Asle seier han gjerne ville vore med på den turen, men denne gongen er han ikkje med i trekninga, seier han og ler godt. Denne turen skal trekkast 1. desember. (Eg lurar på om passbilete og kan vera med i trekninga, eg må nemleg snart ha nytt pass).

Varhaugbuen takker Asle for praten, og ynskjer han lukke til med det nye fotostudioet i Stuelandsbygget. Telefonnummeret er 452 80 838. I tillegg finn de han på nettet.

Liv

Fuglefotografering i kameralinsa

Varhaug fotoklubb held fram i Lensmannsløa kvar månad.

I oktober hadde med besøk av Trond Westby, en ung og svært lovande stavangermann, som spiller på mange strenger bokstavelig talt; Ikkje minst er han ein framifrå fuglefotograf med nærast botnlaus kunnskap om fuglar og fuglefotografering, både på Jæren og i Noreg. Elt særdeles lærerikt føredrag om fuglar og dyr, samt gode tips til betre tilnærming til dei minste skapningane som faktisk lever like i nærleiken av oss her på Varhaug!

Westby inviterte også alle interesserte til å være med på ekornfotografering i haust. Westby har drive mating og «miljøtiltak» for skogens små og koselige skapninger gjennom fleire år, og tilbyr fotodagar der den einskilde interesserte får vera med på å ta dei små sjarmørane i augesyn, eller mer presist: fanga desse gjennom kameralinsa. Dersom andre er interesserte i dette - ta kontakt med oss i fotoklubben.

Neste månad, 5.desember, blir det ikkje mindre spennande!

Tidlegare har me hatt besøk av John Sirevåg, som mange kjenner frå flotte fotobøker frå Jæren. Sandnesmannen har tidlegare vitja fotoklubben med interessante føredrag, og har stått høgt på ynskjelista til gjentaking! No tek han igjen turen til Varhaug, saman med Thomas Sirevåg og Oddvar Johnsen for å visa bilete frå siste turen til Island!

Dei tre fotografane stortrives på Sagaøya. Her opplever dei friheten og roen i det som anses som verdens fredeligste land.

Med deres blikk for det unike motivet guider de oss til noe av den vakreste, mest spektakulære og røffeste naturen i Europa. Fra rykende varmekilder til fossefall, fra vulkaner til isbreer, fra fjellene i innlandet til havet med sine svarte strender.

Turen går blant annet til Lundefugler ved det stupbratte fuglefjellet Latrabjarg. Videre til Namafjall hvor man kan oppleve kreftene fra jordas indre. Ved Landmannalaugur kan en sitte ute i naturlige varmekilder og nyte livet. Ikke minst går turen til spektakulære Porsmork med isbreer på alle kanter.

Oddvar, Thomas og John bruker god tid på å planlegge turene. Med leiebil og telt samt noen kilo med fotoutstyr kjører de på kryss og tvers over Island. I innlandet går turen over stakk og stein. På grusveier og nesten ufremkommelige kjerrestier. Ikke minst har de fått god rutine på elvepasseringer. Lukk vinduene og gi gass har blitt oppskriften på dette.

Teltet er med å gi friheten. Da kan de overnatte der de finner motiv og ikke minst fotografere lyset både morgen og kveld. Inn i mellom leier de seg en campinghytte. Dette er mest for å lade alt mulig av utstyr. Batteri til PC,er, fotoutstyr m.m. Det kan også være greit med en seng og en dusj iblant.

Turene til Oddvar, Thomas og John er utgitt i boka "Opplev Island".

Da er det bare å ynskje alle med interesse for fotografi - eller for Island eller urnorsk historie for den saks skyld: VELKOMMEN!

Asle Haukland



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79





Bygdekvinnelaget på tur

Rogaland Bygdekvinnelag hadde leiarmøte i Gdansk 4.-7. november. 25 damer pluss sekretær Are var på tur saman med vår glimrande reiseleiar Anne Kari. På flyplassen i Gdansk stod bussen klar og køyrde oss til utkanten av byen. Der fekk me servert ein flott trerettars lunsj for så å besøka eit lokalt ”bygdekvinnelag”. Dei var unge, ivrige og ville så gjerne visa oss kva dei dreiv med. Imponerende!

Me fekk og prøva oss som malarar med motiv som minna om vår rosemaling. Neste stopp var ein lokal keramikar. Mange nytta høvet til å handla der.

Laurdag hadde me ”fri”. Dagen vart nytta til sightseeing og handling. Fleire var oppi eit kyrkjjetårn med 400 trappetrinn. Tur på elva med båten til hotellet var også populært. Nokre våga seg og oppi eit parisarhjul. Der dei fekk flott utsikt over byen. Det var og koseleg å gå langs elva med alle ravbutikkane og restaurantane. Om kvelden var det middag på hotellet. Då fekk me sjå ein flott folkløse danseoppvisning.

Søndag var møtedag. Me hadde oppe fleire interessante tema som aktuelt nytt, nettsidene, styrearbeid, organisasjonsarbeid, verving, politikk og

organisasjonsliv. Astrid Seime, organisasjonskonsulent i Norges Bygdekvinnelag, var med frå hovudkontoret.

Måndag rakk dei ivrigaste ei siste handling før bussen køyrde oss til flyplassen. Me takkar Rogaland Bygdekvinnelag for ein flott tur. Det var gildt, lærerikt, god mat, me vart betre kjend og gler oss til neste treff.

Liv J.Reiestad



Nå står ei dame til rors i bondelaget

På årsmøtet til Varhaug bondelag, som vart halde på Lerbrekk skule 13. oktober, vart Lenita Salte vald til leiar. Ho var tidlegare verveansvarleg i laget. Med seg i styret får ho desse: Nestleiar Thomas Vagle. Kasserar Per Kristian Skrettingland Haarr. Sekretær Lene Iren Rangen. HMS ansvarleg Håkon Varhaug.

Liv

.....

Me hadde sikkert bomma litt på dagen - haustferie - for det var mindre folk enn vanleg. Men me som var der kosa oss med ein opplagd Lauritz Stokkeland og eit interessant program, som verkeleg fekk fart i diskusjonen. Det er bra.

Stor takk til vertskapet på skulen, Astrid og Sigbjørn, som nok ein gong sytte for god mat for oss.

For ein fantastisk haust me har hatt i år, den trur eg me alle var vel undt. Og nå kan me slappa litt av og senka skuldrane, for både dyr og for er vel i hus.

Me hadde Bondepub i slutten av september. Den må me seia var vellukka, så det vil me gjenta på nyåret.

Følg med oss på sms og i Bondevennen om kva som skjer framover. Er det noko de vil me skal ta tak i, eller noko de har lysst at me skal arrangera; ikkje vær redd for å ta kontakt.

Helsing Varhaug bondelag v/Lenita Salte.



To fekk gullspringaren i haust

Skulesjakken er no berre på Vigrestad torsdagar kl 1730-1845. Det er 12-15 gutar og jenter som kjem. Dei spelar mykje og nokre studerer og prøver seg på oppgavehefter. To av gutane fekk medalje for gullspringaren no i haust.

På Sandnes har dei lagt opp til fleire samlingar med opplæring, og med ei **BGP-turnering** etterpå. Fleire av medlemmane i Hå skulesjakk har deltatt.

For eksempel: 23. oktober deltok 6 stykker.

Emilie Kvien (frå Vigrestad) vann nybegynnergruppa og Fredrik Løland Sirevåg (Frå Vigrestad) vart nr 4.

I blandingsgruppa kadett-lilleputt-miniputt vart Sven Tobias Ueland (Varhaug) nr 2, Jon Albert Tveita (Vigrestad) nr 4 medan Varhauggutane Asle Kydland Og Arvid F. Jakobsen vart nr 6 og 7.

Det vart arrangert **Krets Mesterskap** i sjakk for barn og ungdom på Kleppe 1. oktober

I gruppe 9 år og yngre deltok Emilie Kvien og vart nr 27 av 31 deltakarar.

I gruppe 11 år vart Asle Kydland nr 10 av 18 spelarar.

I gruppe 12 år deltok Sven Tobias Ueland og Knut-

Morten Skrettingland, dei vart nr 11 og 13 av 15 spelarar.

Og i NM i Trondheim 4-6. november deltok 4 frå Varhaug, Asle Kydland, Sven Tobias Ueland, Mads Even Hobberstad og Oskar Feed Jakobsen.

Dei møtte hard motstand frå dei beste ungdommane i Norge- men alle var godt fornøyd.

Resultat kan ein sjå på linken til Rogaland-sjakk (se under). Men dei fekk med seg deltakarpremier,- i alle fall. Sjå bilete.

I juli vert det store **NM (Landsturneringen)** arrangert i Stavanger. For å delta der må ein vere registrert i NSF,- og me tenker på om me skal få registrert ein sjakkklubb på Varhaug slik at dei som vil vere med i Landsturneringen kan ble medlemar i den klubben og slippe å melde seg inn i ein klubb i stavanger eller Sandnes.

Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på

<http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Hå sjakk for voksne

På lensmannsløa vil me starta opp att med vaksensjakk etter ferien onsdag 14. september kl 1900, me vil kanskje ha samlingar annankvar onsdag.

Men det kjem detaljert informasjon på facebook, sjå gruppe «sjakk i Hå»

Me spelar lynsjakk og hurtigsjakkturneringar, foreløpig uformelt og ikkje som registrert sjakkklubb.

Men kanskje bør vi registrere ein vaksen sjakkklubb på Varhaug,- no må me vere innmelde i for eksempel Sandnes sjakkklubb for å kunne delta i NGP (Norges Grand Prix) turneringar og få såkalla rating.

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Lars Gaute Sport
sport 1

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10



Varhaug fråhaldslag er nå DNT rusfri livsstil Hå

Varhaug fråhaldslag har en lang historie i bygda vår. På samme måte som avholdsbevegelsen i sin tid var en av landets største interesseorganisasjoner, hadde også det lokale laget god oppslutning.

Det var mange trofaste og engasjerte ledere som i mange år var drivkrefter i lokallagsarbeidet. Mange av disse er nå borte, og medlemsmassen har jevnt og trutt blitt redusert og tilfanget av nye har sviktet. Det samme gjelder forøvrig også på landsbasis. For et par år siden ble det tatt et initiativ for å få til en samling av lagene i kommunen. Lokallaget på Nærbø erfarte det samme som laget på Varhaug med lite systematisk arbeid, og liten oppslutning. Det ble invitert til felles årsmøte på Høyland, og her ble lagene i Varhaug og Nærbø slått sammen til Hå fråhaldslag av det norske totalavholdslag (DNT). Det ble valgt et styre med undertegnede som formann. Organisasjonen på landsbasis er

ikke stor. Arbeid med ruspolitikk, særlig med fokus på avhold fra alkohol, er minst like viktig idag som før. Alkoholrelaterte skader påfører enkeltpersoner og familier betydelige utfordringer. For samfunnet regner man med at alkoholrelaterte skader medfører årlige kostnader på mange milliarder. DNT hadde landsmøte i Kristiansand i 2015. Her ble det bestemt at organisasjonen skulle skifte navn til DNT rusfri livsstil. Alle lokallag ble oppfordret til å adoptere det nye navnet med bl.a ny logo for slik å "blåse nytt liv" i arbeidet sentralt og lokalt.

DNT rusfri livsstil Hå oppfordrer til å støtte arbeidet. Nye medlemmer ønskes hjertelig velkommen! Ta kontakt med styremedlemmer for mer informasjon. Egil Tunheim (402 12 800), Hallgeir Grødeland (900 59 564), Kjell Åge Nilsen (598 49 874) eller formann Tor Selmer Olsen (470 31 136)



B.B.K.

Jærtreffet 2016

16.-18. september arrangerte Jærbelgen trekkspelklubb og Varhaug idrettslag Jærtreffet for femte gong. Sola skein frå skyfri himmel heile helga. Mange sat utanfor bobilane, spelte og song i det gode vêret.

Jærbelgen opna dansen på fredag, og allereie frå fyrste tone vart dansegolvet godt nytta. Det gjekk slag i slag med byte av orkester. Heile 15 orkester var på scenen denne helja. Det var mykje fin musikk med god dansetakt.

Laurdag var det klart for allsang i den gamle hallen. Over 160 sangglade menneske fylte salen med sang og godt humør. I pausen sørga dugnadsgjengen i kaféen for middag, kaker og kaffi til alle som ønska noko i magen. Det var folksamt i kafeen og stemninga var god.

Jærtreffet 2017 vert 15. - 17. september.

Takk til Varhaug idrettslag for godt samarbeid.

Jærbelgen Trekkspelklubb



Gutebälgarna



Ryfylke trekkspelklubb



Fint vær heile helga



Allsang



Sol og god musikk



Dugnad

En alliansebank i eika.

Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme. Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ♦ Jærhagen ♦ Kleppe ♦ Kverneland
Undheim ♦ Varhaug ♦ Vigrestad





Is på Grødlandsstemmen?

Nå i oktober 2016 er «Stemmen» reinska med gravemaskin, slik at botn-vegetasjon og sorpe vart lagd opp på kantane og rundt øya (holmen). Informasjon til folk i Hå (og andre) er difor at skeiseplassen kan få flott is i vinter dersom det kjem nok frost.

Der vil vera maks. 80 cm djupt vatn, så Grødlandsstemmen vil vera ein **ufarleg skeiseplass** dersom ein ikkje legg seg flat eller er særst kort (småborn må sjølvstekt vera saman med vaksne på isen)

Også i år 2008 var det ei tilsvarande oppreinsking, 10 år

etter at Grødlandsstemmen vart opparbeidd i 1998. Det er Erling Auestad som har gjort jobben kvar gong, med stor gravemaskin med stor skuffel. Han har gjort effektivt og godt arbeid. Nå i haust greidde han jobben på 2 dagar, 17. og 18. oktober. Personar frå Grødlandsstemmen Vel gjorde alt handarbeid på dugnad, slik som i 1998 og 2008. Mellomliggjande år har ein greidd å halda borte vegetasjonen med ljåslått; slåmaskin på kantane. Me har vassa rundt med vadedrakt og langorv, først i november dei fleste åra. Men nå var det blitt for mykje vegetasjon for slikt arbeid.

Oppreinskinga både i 2008 og nå i 2016 vart økonomisk støtta av Hå kommune (kr 10 000 i 2010 og 20 000 i år. Utan denne støtta ville arbeidet vore ugjort.

Ein stor takk til Hå kommune v/ jordbrukssjef Halldor Gislason frå oss alle!

Sidan oppstarten i 1998 har om lag 390

personar (stort sett barn) teke skøyteknappen i hurtigløp og 10 stk bronsemerke i kunstløp. Dessutan har svært mange andre hatt gilde og helsefremjande opplevingar på isen. Skular og barnehagar har hatt eit godt friluftstilbod. Vigre skule og Varhaug skule, samt barnehagane har vore svært flinke til å nytta tilbodet.

Velvilje frå grunneigarane og gratis leige av «Stemmen» i tillegg til økonomisk støtte frå Hå kommune har gjort dette flotte tilbodet mogeleg. Nærbø skogselskap eig skogen og har vore velvillige frå første dag. Skogen gjer skøyteplassen meir lun og koseleg enn då underteikna var barn/ungdom på 1950-talet. **Me i Grødlandsstemmen Vel vonar at skøyteplassen vil vera til glede og nytte for mange, også for vanlege turfolk.**

Med helsing - Eirik J. Varhaug – leiar-



Program for Kultur i Løå 2016/17:

- 1/12** *Konsert med «Olav Larsen»*
- 14/12** *Skismørerkurs sammen med Matningsdal IL*
- 18/12** *Julekonsert med Frank Robert Andreassen og Astrid Kloster.*
- 5/1** *Matkurs over 3 kvelder (5 og 12/1 + 2/2) Egen info kommer*
- 19/1** *Tora Aasland Houg «Frå lokalpolitikken til Stortinget»*
- 16/2** *Konsert med Elvira Nicolaisen*
- 23/3** *Tom Hetland: Russland og Ukraina*
- 20/4** *Jobber med Irsk band*
- 17/5** *Kulturkveld med musiker og pratemaker Espen Hana*
- 23/6** *Jonsokfeiring*

Lunsjtreffet kl. 12:00-14:00 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.

Datoer: 23/11, 14/12, 11/1, 25/1, 8/2, 22/2, 8/3, 22/3, 26/4, 10/5

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook



Fra prosjektet "Bruk av Naturstein"

Svala 4H haustfest

Haustefesten gjekk av stabelen 7. Oktober på Varhaug idrettshus. Det var 76 utstillarar. Over 300 tilskodarar var til stades. Ordfører, Jonas Skrettingland hadde ei helsing og det var også underholdning. Maren Auestad song og jentene frå 5. Klasse hadde nokre dansar.

Pølse i brød og hamburgerar vart servert til gjestene. Det blei og servert kakemat etterpå som medlemmane hadde bakt på medlemsmøte saman med bygdekvinnelaget.

Det blei og delt ut pokalar og prisar for prosjekt og utstillingar.

Alle gutane frå prosjektet Bli med ut fekk pris frå Varhaug

bygdekvinnelag, der dei fekk pengar som dei kunne bruke på ein tur.

Karl Tjemsland fekk pokal frå bondelaget for prosjektet sitt "Mekking".

Marita Hobberstad fekk pris frå kaninavlslaget for prosjektet "kanin".

Ragnhild Skretting, Tobias Aanestad og Ragnhild Skretting fekk pokal frå Varhaug bygdeungdomslag for prosjektet "Bruk av naturstein".

Kristian Varhaug, Sandra Varhaug og Aasbjørn Aasland fekk pokal frå Sør Jæren Sau og Geit for prosjektet Sau

Det blei og åresal på festen. Av inntekta gjekk 25% til barneavdelinga ved Stavanger universitet sjukehus og 25% til rosasløyfeaksjonen. Resten av

inntekta gikk til Svala 4H.

Me hadde ein flott fest, takk til alle som ville feire denne store dagen saman med oss.

Haustefesten gjekk av stabelen 7. Oktober på Varhaug idrettshus. Det var 76 utstillarar. Over 300 tilskodarar var til stades. Ordfører, Jonas Skrettingland hadde ei helsing og det var også underholdning. Maren Auestad song og jentene frå 5. Klasse hadde nokre dansar.

Pølse i brød og hamburgerar vart servert til gjestene. Det blei og servert kakemat etterpå som medlemmane hadde bakt på medlemsmøte saman med bygdekvinnelaget.

Det blei og delt ut pokalar og prisar for prosjekt og utstillingar.

Alle gutane frå prosjektet Bli med ut fekk pris frå Varhaug



Utdeling av pris for prosjektet "Sau"



Styret og klubbrådgjevarar for året

bygdekvinnelag, der dei fekk pengar som dei kunne bruke på ein tur.

Karl Tjemsland fekk pokal frå bondelaget for prosjektet sitt "Mekking".

Marita Hobberstad fekk pris frå kaninavlslaget for prosjektet "kanin".

Ragnhild Skretting, Tobias Aanestad og Ragnhild Skretting fekk pokal frå Varhaug bygdeungdomslag for prosjektet "Bruk av naturstein".

Kristian Varhaug, Sandra Varhaug og Aasbjørn Aasland fekk pokal frå Sør Jæren Sau og Geit for prosjektet Sau

Det blei og åresal på festen. Av inntekta gjekk 25% til barneavdelinga ved Stavanger universitet sjukehus og 25% til rosasløyfeaksjonen. Resten av inntekta gikk til Svala 4H.

Me hadde ein flott fest, takk til alle som ville feire denne store dagen saman med oss.

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

M ECA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

M ECA
CAR SERVICE



Stavanger Open 2016

Denne årlige konkurransen arrangeres av Auglend skolekorps, og finner sted i Stavanger Forum i november. Den består av skolekorps ifra hele regionen, fra Sokndal i sør til Åkra i nord. Konkurransen består av både en musikalsk del, samtidig som vi også bedømmes ut ifra sceneshow.

Vi har hele høsten øvd inn tre sanger som skulle fremføres.

Ant-Man: Fra filmen med samme navn. Brukes igjennom hele filmen, men kommer i sin helhet under rulleteksten.

Blackbird: Beatles sang som er hentet fra the White Album

Hey Bulldog: Beatles sang som er hentet fra Yellow Submarine filmen

Vi hadde også øvd inn et sceneshow der vi hadde kledd oss ut som diverse fugler og dyr, og hadde også med oss neon fuglefløyter.

Vi tok en meget sterk 3. plass i klassen vår 4. Divisjon Janitsjar (som er korps bestående av både treblåsere og messinginstrument). Der oppnådde vi 86 poeng. **Vi fikk kommentarer som:** Spilleglede, humor og glede. Originalt og modig.

Vi tok også en 2.plass for sceneshowet i liten sal. Dette i konkurranse med ca 20 korps i alle størrelser. Dette er vi meget stolte av.

Kvelden avsluttes i den store salen i Stavanger Forum, der Rogaland ungdomskorps underholdt. Dette er et korps bestående av ca 50 medlemmer fra hele Rogaland. En veldig kjekk dag.

*Mvh
Styret i korpsen*



Hå Lions

Dette laget har 39 medlemmer. Av disse er 10 fra Varhaug. Ein av disse, Ottar Varhaug, har bedt meg skriva litt om juleneka. Desse kjem medlemmane rundt i bygda om ikkje så lenge for å selja, men merk dykk at prisen nå er sett opp til kr. 100. Inntektene av salet vert delt med 40% på laget, 30% går til eit nasjonalt prosjekt og dei siste 30% til noko internasjonalt. Håpar de tek vel imot seljarane, når dei banker på di dør.

Liv

Dåps - kjolane



Ved hausttakkegudstenesta 27. november 2015 fekk Varhaug kyrkje 2 dåpskjolar av Varhaug bygdekvinnelag.

Dei som ikkje har eigen dåpskjole i familien, kan venda seg til kyrkjelydskontoret på Varhaug for å låna ein av desse, eller begge to, om det trengs. Og det kostar ingen ting å låna kjolen. Det følgje og med ei bok, der dei kunne skriva inn kven som hadde brukt kjolen osv.

Då ein mangeårig medlem i laget, og nå og oldemor, låna ein kjole til dåpen, var det ikkje eit einaste namn i boka. Dette tykte ho var litt trist, og meinte me måtte skriva litt om det i Varhaugbuen.

Så treng de dåpskjolar, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Bygdekvinnelaget hadde jo håpa på at det var mange som ville låna desse fine kjolane.

Liv

Onsdagslunsjen i Løå

Anna kvar onsdag er det lunsj i Løå kl. 12.00-14.00. Eg var innom på onsdag, og då hadde kjøkkengjengen denne dagen, Liv, Eli og Kjellaug laga ei nydeleg kyllingsuppe Det vert laga suppe til 30 personar kvar gong, og som regel vert dette utselt,

seier Kjellaug. Eit godt tilbod, og når det vert servert godt brød til suppa, treng ein ikkje tenka meir på middag den dagen. Kaffi og litt å bita i er det og.

Liv

KING OF THE SWING



Fult trøkk i Varhaughallen då Hå kulturtorg avvikla swingmeisterskapet for 9. klassane. Domarane hadde ei vanskeleg oppgave for alle dei 19 para var veldig jevne. Det var 6 par som gjekk vidare til finalen, og her vart Vigrestad vinnar. Det måtte ein ekstra dans til mellom Nærbø og Varhaug for å avgjera 2. og 3. plass. Her gjekk Nærbø av med sigeren, og vart nummer 2. Varhaug vart nr. 3, men fekk i tillegg vandrepokalen etter loddtrekning.

Karin Gjersdal og Kornelius Vold var særst nøgde med sigeren.



Hå karateklubb



Klubben har hatt en god og jevn økning i antall medlemmer, og vi er nå oppe i 97 stk. Det gleder stort å se den flotte gjengen vi er blitt etter hvert, en god samling fra de yngste i 6 års alderen, til de over 40. Alder er ingen hindring sies det, så det er ekstra stas å se at det hvert år også kommer foreldre som begynner å trene i klubben. Voksne og barn sammen på trening er god læring.

Tone Lerbrekk



Stasjonsgadå

Det er ikkje så mange butikkar i Varhaug, og dei fleste av desse har adresse Stasjonsvegen. Sidan sangen til Dag skulle vera med, tykte eg det kunne passa med ein liten spørjerunde til dei med denne adressen, og det var gildt å høyra berre lovord. Dei var vel nøgde med både salet og publikum. Men så må og me som bur på Varhaug bruka det me har, så kanskje kan det verta fleire som vil etablere seg her?



Årets butikk region vest

Varhaugbuen gratulerer Gordon og resten av gjengen på Spar med utmerkinga

»Årets kremmerbutikk«

I tillegg til at Gordon har runda 15 år som Spar-kjøpmann fekk han og denne prisen. Dette æ bøsse, og me er så stolte av dykk. Det er heller ikkje første gongen at Spar Varhaug får ein pris.

Stasjonsgadå mi

Mel.: Jonas Fjeld. Tekst: Dag Madland

Di gamle trenå står der fortsatt nå,
i stasjonsgadå mi.
Men elles æ dæ lide så,
minne om storhets tid.

Æg he mangen goe minne frå
den tid gadå hadde liv.
Og lukeparkering
va einaste alternativ.

Me hadde norges beste møbelmann,
og i bankjen va hvelvet stort.
Mindor hadde stort kontor,
og æg litt penga på bok.

Æg savne IT, æg savne en cowboy...
Æg savne Ingrid og apekatten.
Æg savne dæ gamle Handelslaget,
og han Arild i Stresslessen sin.

Dæ va lordag dæ va snobetid.
Sjå Anton treivst me godt.
Og på kvelden hang med udføre Kvess,
mæ islendar og skinnvest.

Hvis du sede på togje
og fære fort forbi,
så ser du knapt ei einaste sjel,
i stasjonsgadå mi.

Ref.

Men kan dæ vær dæ går mot lysare tid,
for stasjonsgadå mi?
Mæ kjøpesenter og kinamat,
og han Olav mæ øl og vin.

Ref.





Lensmannløa ungdomsklubb – korleis verker eigentleg dette?

Kvar tysdag frå kl: 14.30 - 20.00 har me open ungdomsklubb i Lensmannsløa på Varhaug.

Klubben er open for ungdom frå 8. trinn og opp til 20 år. Kven som vil kan kome innom, og om ein har spørsmål eller er usikker på korleis alt fungerer, er det lov å ta ein telefon til Monica C Herredsvela som er leiar av klubben. Me har alltid gratis mat, ofte dessert, men om ein vil ha snop må ein ha pengar og kjøpa i kiosken. Som regel dukkar det opp om lag 30 ungdommar, men nokre gonger 15 eller 40. Ungdommane kjem frå alle stader i Hå, og somme gonger og frå andre kommunar.

På klubb kan du dingla rundt å ikkje gjere noko, du kan spele spel, hente fram måling og lerret, teikne, sjå film, laga mat eller kome på idear me kan gjere noko utav seinare.

Me samarbeider med ungdomskulane i Hå, og det

er fleire elevar som har valfaget sitt i løa. Dei lagar mat, planlegger litt kva som skal skje på klubb, rydder og har ulike konkurransar og leikar.

I løpet av eit år har me, og ungdomsklubben på Nærbø (Loen ungdomsklubb), ulike større arrangement for ungdom. Desse arrangementa varierer, men fast er ein jentekveld eller gutekveld i året. Hå kulturtorg har og eit årleg swingmeisterskap for elevar i 9. trinn, der me er med i planlegging og gjennomføring.

Ungdomsklubbane har eit budsjett å forholde seg til, men kan og søkje om pengestøtte til ulike arrangement ulike stader. Krokettbanen blei f.eks støtta av SR-bank, og Frifond har gitt oss midler til aktiviteter og inventar på klubb, samt større arrangement. Me har og fått symaskinar og verkty frå lokale lag/organisasjonar på Varhaug, noko me set stor pris på.

I tillegg til vanleg klubb, har me eit eksklusivt tilbod på garden til Hans Aanestad. Der får 5 - 7 stk lov å vera med i ei mekkegruppe, der dei tek frå og set saman alt frå plenklypparar til traktorar. Om du kan tenkje deg å vere med her, kan du og ta kontakt med Monica.

Noko å gle seg til framover er eit musikkdøgn med overnatting på Hå kulturtorg, gratis julebord på klubb 13. desember, gutekveld og mykje meir.

Er du vaksen, og har lyst å bidra med noko for ungdom? Ta gjerne kontakt med Monica mob: 480 77 515 Me treng av og til ekstra vaksne på arrangement, eller berre nokon ekstra til å vere med på klubb.



Lerbrekk skule



Rogaland Husflidhåndverkerlaug hadde helga 17. og 18. september utstilling på Lerbrekk. Det var Berit Lyslo, vev, Mary Undheim, vev, Karen Torunn Hårr, glasfusing, Ingeborg Lura, Ullrommet med fint ullgarn, Tone Tvedt, tova ting av ull, Marit Rosland, strikkeprodukt og Jette Ravndal med sydde ting i lær, så her var litt for ein kvar smak. Interessant å sjå. Men diverre var utstillinga dårleg besøkt. Det var ikkje godt nok kunngjort, så folk visste ikkje om utstillinga. Velkomen att neste år.

Måndag 19. september arrangert Vennelaget «Syng med oss» på Lerbrekk. Her kunne me ynskt at fleire hadde funne vegen, for dei vel 20 som var der, sa at det var gildt. Kanskje dei fleste hadde sunge av seg i helga då Jærbelgen trekkspelklubb var i Idrettshallen? Allsong gjere godt på humøret.

Kunst & Kult på Lerbrekk

-Kunst & Kult betre enn nokon gong, les eg på Facebook hjå ei av utstillarane.

Like sikkert som me nærmar oss slutten av oktober, like sikkert er det at dei kreative damene

begynner å pynte og styre på Lerbrekk. For åttande gong kom dei att. –Ja, me kjem neste år óg, siste helga i oktober. Det er så kjekt å vera her på Lerbrekk.

Dei høyrer veldig samstemte ut. Og kjekt er det, for det strøyer på med folk. Parkeringsplassen er til tider for liten, og i kafeen er det stundom fullt både i stova og på loftet. Kaffi, kaker og vaflar går unna. Nokre har handleposer med seg, andre skal inn att og handle etter kaffien. Det ser og høyrer at folk kosar seg.



Klara Pil med pilfletting og Ane frå Krims og Krans med sine dekorative kransar, har pynta

så fint både på uteområdet og i inngangen. Desse damene starta opp det heile, og har etter kvart fått fleire med seg. I år var det Kråkestottet Keramikk, Køhlerpaviljongen med rabarbrasajt og ei bok om rabarbra, Wenche Eltervaag frå Såpekjøkkenet med hudpleieprodukt, Nina Filtmaker og Mingar Walker glassblåseri. I tillegg hadde dei i år med seg Aud Lavik med skinnvesker og Arvid Bjerre med lamper i betong. Så ein



kan trygt sei at det var litt for ein kvar smak. For den som er kreativ er det absolutt idear å få med seg korleis ein kan pynte opp.

Det er veldig kjekt for oss i Vennelaget at dei trivs så godt på Lerbrekk. Velkomen att neste år.

Lefsebaking vert etter at bladet går i trykken. Så får me sjå koss det går når dei eldste trekkjer seg og yngre krefter må «trø til». Tradisjonar må haldast. Me kan ikkje ha graudafest og julestrefest utan lefser.

Det er ikkje sundagskafé i desember og januar. Neste sundagskafé vert søndag 5. februar og søndag 5. mars kl. 14 – 17.

Brit



Julestrefest på Lerbrekk

Fjerde dag jul, onsdag 28. desember kl. 18.00 er det julestrefest. Oddmund Nord-Varhaug held andakt.

Agnes og Olav spelar.

Det vert posar til ungane.


Julebrød og lefse til dei vaksne. Gang rundt juletreet.

Inngangspengar.

Velkomen til store og små, unge og eldre.

Vennelaget

VI HAR FLYTTET TIL STASJONSVEGEN 24, FREMDELES PÅ VARHAUG



NYTT BAD?

VI HJELPER GJERNE MED PLANLEGGING OG PROSJEKTERING





Nytt frå *Misjonshuset*

Hautsemesteret er i god gang- snart er det tid for julemesser. Misjonssambandet sin går av stabelen 18-19. november, medan Misjonsselskapet si julemesse er 25-26.november.

Det vert ein konsert (gratis adgang) med Ansgar Gospel 20. november.

Speidaren er i god gjenge att, og dei har fest med foreldre og føresette 23. november

Dei vanlege møtevekene og samlingane på SUNDAG går etter oppsette skjema, sjå program på oppslag og på internett.

Dei to større arrangementa før jul vert eldremiddagen og «me synger jula inn», bae arrangementa vert 18. desember.

Og før nyttår kjem annendagsfesten (26/12) for ungdomslaget, juletefesten for søndagskolen (27/12) og ungdomslaget sin nyttårsfest ved overgangen til 2017.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, **www.varhaug-misjonshus.no**, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset.

E-post kan sendast til **post@varhaug-misjonshus.no**
Gateadressa er Ånestadvegen 21,
postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

*Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid*

Matlagingskurs på lennsmannsløa

Dato: 5. og 12 jan + 2 febr.-17 fra kl. 17.00 og ca 3 timer pr.gang

Kursleder: Marion Varhaug. Hun jobber til daglig med mat og ernæring på LHL-klinikkene på Nærland.

Målgruppe: Alle med interesse for mat.

Trenger ingen forkunnskaper.

Antall deltakere: 10-12 stk.

Pris: Kr. 600,- (200,- pr gang)

Fokus: Enkel og sunn hverdagsmat.

Hvordan lage smakfull og sunn mat i en travel hverdag?

Maten lages sammen i grupper. Kvelden blir avsluttet med et felles måltid av maten som har blitt laget.

Påmelding til: Karin Hauge

Karin.hauge@lyse.net

Påmeldingen er bindende.

Pga begrenset antall deltakere, gjelder «første mann til mølla»



HALLBASAREN 2016 SUNDAG 27. NOVEMBER KL. 17.00

16.45	Dørene åpner
17.00	Minikoret opptrer
17.10	Turnen opptrer
17.30	Servering av gratis grøt og saft
18.10	Turnen opptrer
18.30	Trekning

Mange flotte gevinster – vel møtt!

KULLSYREMASKIN FRA AGA



899,-
inkl. patron

bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



Her steiker Idris frå Syria, bur på Nærbø, lappar saman med Aud.

Språksprell

Kvar torsdag møtes ein gjeng frivillige saman med våre nye landsmenn/kvinner i Lensmannsløå, der alle skal snakka norsk saman i tillegg til matlaging, sying, strikking og anna.

Varhaugbuen stakk innom rett før lunsj ein dag, og der møtte eg damer og menn frå ulike land.

Eg vart beden med til lunsj, men måtte diverre takka nei. Hadde litt mange gjeremål denne dagen.

Akkurat då eg gjekk kom det inn ein gjeng som hadde vore ute på tur, andre hadde vore eit fjos m.m.

Det er mange frivillige som gjer ein kjempejobb kvar torsdag i Løå. Det er ganske travelt, men gildt, var det eg fekk høyra.

Liv



Nebad frå Syria, har mann og 5 barn på Nærbø. Eg trur ho har «friminutt» frå spødet her.



Shahida, 2 barnsmor frå Syria som og bur på Nærbø, er her ivrig med spødet saman med Gunhild.



Muhubo, som nå brur på Brusand, er frå Somalia og har 5 barn og 2 barnebarn. Her syr ho forklede saman med Oddbjørg.



Tesfu frå Eritrea, nå Vigrestad tek ein pust i bakken etter å ha dekkja bordet til lunsj.



Nå har Reza frå Afghanistan kaffien klar.



Lappane var ferdige, og eg måtte sjølvsagt smaka og dei var gode.

Varhaug Bygdekvinnelag



Bygdekvinnelaget vil minna om at me er eit lag for alle damene i bygda. Me har møter med interessante tema, med humor og tema til ettertanke. Me meiner de fleste vil finna noko som kan interessera, og så er det så godt å komma saman og le litt - spesielt i denne årstida me nå går inn i. Du er hjertelig velkommen til å melda deg inn i Varhaug Bygdekvinnelag, men også ikkje medlemmer er velkomne på møta våre. Prøv oss! Me held til i lensmannsløa.



Programmet for komande sesong var nevnt i forrige nummer av Varhaugbuen, men me gjentar det gjerne:

Torsdag 24. november: Livs Klær og gaver viser klær og dekker bord.

Torsdag 26. januar: møte er hos Halvorsen Fargehandel - spennande med interiør og fargar

Torsdag 23. februar: Ein spesiell kveld, der me kjem tilbake til programmet

Onsdag 29. mars er det sonemøte på Undheim Samfunnshus

Torsdag 27. april, program kjem seinare


Me har avvikla to Lefsekurs i år. Deltakarane var kjempefornødde! Kanskje du vil prøva deg til neste år? Det skal starta Bunadkurs 12. januar, lærar er Reidun Haavardsholm, og kurset varer i 8 kvelder.

Har du ein ide til kurs som kan vera interessante å få gjennomført, er me åpne for idear. I dag skin sola gjennom skitne stoveglas. Ein liten påminning om årstida me er inne i. Værgudane spelar opp med vær av alle slag. Det er noko av det som er fasinerande med å bu i dette flotte landet. Likar du å gå tur i all slags vær, og gjerne saman med andre?

Kom og vær med på gåtur i roleg tempo. Me startar kl 0930 frå Iden kvar mandag.

Det går mot vinter og jul. Me ynskjer alle ei flott årstid!

*For Varhaug Bygdekvinnelag
Sissel Roa Hobbervstad*



LESEVEKE 2. TRINN

Fyrste veka i november hadde 2. trinn på Varhaug skule leseveke. Temaet for veka var Charlie og sjokolade fabrikken. Me las boka og gjorde mange gilde oppgåver som var inspirert av innhaldet i boka. Alle elevane fekk mellom annan finna opp sitt eige snop. Her viste elevane stor kreativitet. Dei laga ein tekst som skildra korleis snopet såg ut og kva for ein magisk effekt det hadde. Deretter fekk dei laga snopet sitt med kitt. Her kunne ein mellom anna finna ein Fiseslikkepinne for dei med dårleg mage. Traktor-tyggi som var forma som ein blå traktor. Snillheit eit snop med jordbærsmak som gjer at du blir snill eit heilt år. Eller kanskje det heller frista med Allmoglegsnopet, Bilibus, Teklesjokolade eller Big, big, dino DIGG?



Målet vårt for veka var å lesa 5000 minutt. Dersom me nådde målet, skulle me avslutta veka med filmen, Charlie og sjokoladefabrikken. Dette klarte dei med glans! Me hadde også eigen butikk der ein kunne kjøpa seg ein superdeilig Wonka sjokolade. Blant alle sjokoladane var det gøymt 5 gullbillettar. Dei heldige vinnarane fekk beskjed om å ha med seg billetten på fredagen, då det venta ei overrasking til desse. Fredagen kom og elevane var spente på kva som skulle skje. Gullbillettvinarane hadde fått eigne plasser, puter, eit eige kosedyr og framom dei stod det plassert fine glas med drikke som dei kunne nyta medan dei såg filmen. Veka blei avslutta med stjerneorientring ute i skulegarden. Her fekk elevane springa rundt omkring for å løysa oppgåver.

Lærarane på andre trinn var imponerte over arbeidsinnsatsen og kreativiteten som elevane viste gjennom heile veka.





Søndag klokka ni i Prestakrysset

Bak f.v.: Eirik J. Varhaug, Mindor Håland, Håkon Reinås og Kjell Tjemsland.

Framme f.v.: Mikkel Haaland og Jonas Skrettingland. Håkon Skretting var ikkje til stades denne søndagen.

Vaksne pulstoppar i Prestakrysset

Ein maskulin gjeng fullvaksne senesterke karar frå Varhaug møtast kvar søndag føremiddag til ein halvtanna times treningsøkt. Tidspunktet er like godt innkjørt og silikonsmurt som rulleskia. Presis klokka ni.

Stavane møter asfalten med taktfaste skarpe klikk. Fem på ni rullar karane frå ulike himmelretningar inn i Prestakrysset på Varhaug. Trafikken i rundkjøringa er lik null så tidleg på kviledagen. Mannfolka mysar mot morgonsola eller smilar friskt og frekt mot grå regnskyer. Helsar på dei

andre med hjelm og gul refleksvest. Slår av ein prat, skrøyter litt, og spør etter, om det er ein eller to i den faste mannfolkjengen som manglar.

Startar mot vinden

Kjell Tjemsland (72), Eirik J. Varhaug (77), Håkon Reinås (75), Mindor Håland (68), Håkon Skretting (62), Mikkel Haaland (58) og Jonas Skrettingland (59) har lite i mot å rulla seg or sengene, setja til livs ein energirik frukost og trø i treningsklede grytidleg kvar søndag.

Mikkel og Jonas er for smågutar å rekna. Dei har enno ikkje passert seksti. Men ingen treng visa legitimasjon for å vera med å trenar. Turen går nord- eller sørover, alt etter vindretninga.

- Me startar alltid mot vinden. Stokkelandsmarka eller Nesheimskrossen er målet, før me snur heimover, seier Kjell Tjemsland.

Han fortel at treningsopplegget er lagt opp slik at dei som ønskjer det, rekk å dusja og få med seg gudstenesta i kyrkja.

- Stokkelandsmarka kan vera i lengste laget for meg, skal eg nå gudstenesta med grei margin plar eg oftast følgja gjengen til Vigrestad og ta turen rundt Ringvegen og vidare heimover, fortel eldstemann i gruppa, Eirik J. Varhaug.

Det handlar om treningsglede og kameratskap. Den gode kjensla når musklane i lår, legger og armar mjuknar opp medan pulsen stig mot

maksimalt nivå når gjengen susar gjennom Vigrestad, og dei seks legg inn eit ekstra gir, møter ei haglbøye og legg om takta sørover mot Stokkelandsmarka.

Ansvar for helse

Eirik J. Varhaug er ein av treningsveteranane som gler seg til søndagsturane. Den pensjonerte bonden og læraren kan sin teori, og veit at han stemmer med praksis.

- Forvaltingsoppgåva me menneskje har fått, gjeld òg ansvar for eiga helse. Både kroppen og sjela er ein del av Guds skaparverk, seier han.

Eirik J. held fram at livsstilssjukdomar er ekstra aktuelle i dag. Han synar til at mange, både unge og eldre, har eit stillesitjande liv.

- Det går med mykje tid bak dataskjermar, i godstolen eller i bilen. Dette bør gje ekstra merksemd på viktigheita av både rett kosthald og trening av ymse slag, seier han.

Spasertur godt alternativ

Eirik presiserer at dei som har nådd pensjonsalderen er særleg utsett for sviktande kroppsstyrke og alt for rask aldring. Alle treng ikkje gå på ski eller rulleski, understrekar han.

- Skisporten er heilt super for enkelte av oss, men andre aktivitetar kan vera minst like bra. Ein halv times spasertur kvar dag kan for eksempel vera nok til å styrka hjarta, lunger og kroppen elles, poengterer den spreke pensjonisten.

Kjell Tjemsland fortel at treningsgjengen har ei felles interesse for ski. Han, Håkon Reinås og Eirik J. kan notera seg for deltaking i meir enn tretti Sesilåmirenn, Mindor bikka tretti renn i år, medan resten av karane kjem etter.

- I tillegg brukar me å gå Birkebeinarrennet og få med oss Sirdalsløpet pluss eit skirenn ein eller annan stad uti i Europa i løpet av vinteren, fortel han.

Byrja i -79

Helsetrøbbel førte til at Kjell vart tilrådd av en legespesialist å byrja å trenar.

- Det var i 1979. Eg kjøpte meg sykkel og byrja å sykla. I starten var det uvant og flautt. Eg lurte på kva folk tenkte om denne bonden som ikkje hadde anna å gjera enn å sykla.

Sidan har det blitt tallause treningsøktar og løp. Kjell har mellom mykje anna sykla Den store styrkeprøven, Trondheim Oslo, fem gonger og fullført fire maratonløp, eine gongen i New York.

- Men det får du ikkje skriva om, det kan sjå ut som skrøyt, seier Kjell.

- Men kvifor held du på framleis?

- Trening er gildt. Eg får abstinens om det har gått ei veke og eg ikkje har fått trenar.

Lått og løye er ein del av treningspakka. Heilt fritt for konkurranse er det definitivt ikkje. På treningsturane søndags føremiddag startar dei i lag.

- No byrjar det å bli større skilnad mellom oss. Me deler oss gjerne i to grupper undervegs. Dei «unge» har nok større behov enn oss eldre for å peisa på og koma fort i mål.

Sjur

Refleks...Refleks...Refleks...

Det er mørketid. Husk difor lys på sykkelen, refleks på kleda eller aller helst refleksvest når du ferdast ute i mørkret.



ATV / Quad racing Elgane

Då er torsdags treningene over for denne sesongen, men det er trening hver søndag i lag med MX fra klokken 12 – 16. Den lille trening / øvingsbanen er utvidet og perfekt for yngre og nye kjørere.



Det kommer stadig nye kjørere i alle aldre som prøver ut di flotte banene vår. Flere er hjertelig velkommen

Det er noen fra klubben som reiser og representerer Elgane rundt om i landet.

Her er Frøytlog familien ivrigst, som har 2 kjørere, Henrik, 11 år og 250cc klassen og Sondre, 15 år som kjører Quad open som er den største klassen i Quad racing. Faren Øystein sitter i Elgane styre for ATV avdelingen, så det er mye innsats fra denne familien.

Den nye lokale aktive kjøreren heter Lasse Hadland, 11 år og kjører 250cc klassen. Startet i august 2015 med en 90cc og tok steget opp med en 250cc før sesongen 2016 startet. Han

deltok på første Norges cup runde på Elgane og siste cup runde i Notodden i september. Han har fått mye læring og erfaringer av dette.

Treningssamling på Elgane i oktober med Europamester og mange ganger Engelsk mester Paul Holmes, var noe som falt i smak fra kjørere fra hele landet. Over 30 kjørere fikk triks og innstrukser av en meget god lærer.

Den årlege basaren på Elgane

vert laurdag 10. desember kl.12.00

Styret har fått inn mange fine gevinster, og det vert både vanleg loddsal og årsal.

Alle er hjarteleg velkomne



NORGESHUS
Varhaug



**DU KAN FÅ NYTT HUS
- UTEN Å FLYTTE!**

Ta kontakt for uforpliktende pristilbud på
979 46 255 eller jarle.reime@norgeshus.no



Kortspel og bingo på Iden

Vil du ha med deg begge deler, er det berre å møte opp kl. 12.00 for kortspelet, og så kan du gå på bingo etterpå kl 15.00. Særleg på bingoen er det plass til mange fleire. Kom og vær med oss!

Helsing Turid, Britt og Solvor



Fredag 25. november

kl. 17.30

tenner me julegrana

ved rådhuset:

Kom og bli med og gå rundt juletreet og få besøk av nissane som deler ut pose med kakemann og mandarin til alle mellom 1-12 år. "Glutenfrie poser" blir utdelt ved scenen.

Apell av
Monica Nord Varhaug



Hå Hagelag

Hå Hagelag hadde årsmøte 13.10.2016 og nytt styre er:

Leder: Berit Kristine Bø

Kasserer: Reidar Vigrestad

Sekretær: Bjørg Ruth Ødegård

Styremedlemmer: Jorid Jeremiassen og Solvor Salte

Varamedlem: Tordis Kverme.

Året 2017 byr på variert program og starter opp

9. februar i Lensmannsløa

kl.: 19.00

Kjetil Fuglestad kommer, emne er:

Beskjæring av frukttre i vårt distrikt.

+ Hagebruk i utviklingsland.

Aller er velkomne på våre møter.

Program kommer på

<http://www.hageselskapet.no/rogaland/lokallag/ha-hagelag/>

Lik oss på facebook.

Mvh. Styret

vitusapotek+



For skikkeleg å markera at nå var dei i gang, serverte apoteket marsipankake og kaffi både til som handla på apoteket, og andre som stakk innom i Stuelandsbygget.

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
16. februar

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Internatet skal ha årsmøte

mandag 28. november

kl. 19.00.

Eigarlaga har

fått innkalling.





- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE

JULEGAVETIPS I FK BUTIKKEN!

GAVEESKE RENT TIL JUL!
LILLEBORG 13 DELER

299,-
(450,-)



**LUE MED
LED-LYS**
299,-



DUMPER OG DRILL
CAT 1:16



449,-

**JULE-
GAVE-
TIPS!**

BATTERIDRILL
METABO BS 18 2 X 2 BATTERIER
OG HELE 74 TILBEHØRSDELER

1499,-
(1899,-)



FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag-fredag: 8-17
lørdag: 9-14



butikken
fkra.no/fkbutikken